

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>18.04.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Anita Æsøy, Magnus Strand, Bente Underthun

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Godkjenning av møteprotokoll 5. februar 2018.

**Orienteringar:**

Leiarane frå råda i Sogndal (Knut Ole Myren) og Balestrand (Annbjørg Alrek) var med i starten av møte, der det var erfaringsutveksling mellom dei to kommunale råda og fylkesrådet.

Tema det vart snakka om i erfaringsutvekslinga:

- Samansetning av råda
- Saker som råda har jobba med hittil i perioden
- Samarbeid mellom dei kommunale råda og administrasjonen i kommunane
- Brukarmedverknad og brukarutval
- Kommunesamanslåing og rolla til råda

**Fylgjande skriv vart lagt fram til orientering:**

**Meldesak 1) Pasient- og brukaromboda si årsmelding for 2017**

Årsmeldingane finn de vedlagt. Årsmeldingane omhandlar det nasjonale arbeidet og arbeidet i fylket. I årsmeldingane framhevar pasient- og brukarombodet nokre av dei erfaringane dei har gjort seg i året som har gått, og anbefalingar som dei har til kvalitetsforbetring i helse- og omsorgssektoren.

Konklusjon: Teke til vitande.

**Meldesak 2) Aktuell tilskotsordning om universell utforming for planleggjarar**

Invitasjonen til kompetanseheving innan universell utforming er sendt til planavdelinga og fagansvarleg for folkehelse i fylkeskommunen. Søknadsfristen er 15. april. Sjå vedlegg for utfyllande informasjon.

Konklusjon: Teke til vitande.

**Meldesak 3) Innspelsmøte regional plan for kultur**

Magnus møtte for fylkesrådet den 19. mars på innspelsmøte til den regionale planen for kultur, der temaet var «kultur for alle».

Tema som var til diskusjon i innspelsmøte var: universell utforming, samferdsel, informasjon, digitalisering m.m.

**Meldesak 4) Ymse**

- Neste møte 8. juni vert i Florø. Sekretær tek kontakt med Sunnfjord drift i Florø, og undersøker om fylkesrådet kan kome på besøk til bedrifta. Leiarane i dei kommunale råda i Flora, Bremanger og Vågsøy vert invitert til å vere med i starten av møte til fylkesrådet.
- Bente informerte om innspel som kom fram i møte ho hadde med NFU:
  - Overgang frå skule til arbeidsliv
  - Kommunane setje større fokus på folkehelse, der dei bør legge til rette for menneske med nedsett funksjonsevne
  - Privatisering av helsetenester, og kva konsekvensar dette har for tilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne
  - Korleis sikre god brukarmedverknad
  - Arbeid – uføretrygd
  - Tilskot og stønader i kommunane
  - Samarbeid med dei kommunale råda
  - Avvik registrert av Statens Helsetilsyn
  - Kommunane bør sjå på løn og arbeidsavtalar med ledsager som er med på aktivitetsleirar og liknande.
  - Arrangement for småbarnsfamiliar som har barn med funksjonsnedsetting. Har vore vanskeleg å arrangere dette dei siste åra.
- Sekretær tek kontakt med opplæringsavdelinga for å høre om dei kan orientere om lærekandidat-ordninga på møte i fylkesrådet den 6. september.

**SAK 5/18**

**Oppnemning av representantar for val av nytt felles  
brukarutval for Helse Førde 2019 - 2020  
Representant frå fylkesrådet for menneske med nedsett  
funksjonsevne**

**Representanten til brukarutvalet vert valt i møte som fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har 18. april 2018**

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vel Magnus Strand som representant i brukarutvalet for Helse Førde.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vel Magnus Strand som representant i brukarutvalet for Helse Førde.

**SAK 6/18      Høyring - forskrift om nytt bivirkningsregister**

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 18. april.**

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslaget til forskrifta.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslaget til forskrifta.

-----

**SAK 7/18      Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - regional plan for klimaomstilling**

**Uttale til regional plan for klimaomstilling vert skrive i møte 18. april 2018.**

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at ein skal ha klimavennlege løysingar. Fylkesrådet ser på det som sjølv sagt at klimavennlege løysingar og skal vere universelt utforma og inkludere alle. Det må vere mogleg å bruke dei nye klimavennlige løysingane for menneske med ulike føresetnader.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at ein skal ha klimavennlege løysingar. Fylkesrådet ser på det som sjølv sagt at klimavennlege løysingar og skal vere universelt utforma og inkludere alle. Det må vere mogleg å bruke dei nye klimavennlige løysingane for menneske med ulike føresetnader.

-----

**SAK 8/18      Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - regional strategisk plan for kysten**

**Forslag til uttale:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

Endringsframlegg:

Fylgjande tekst leggast til i tillegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar dei kommunale råda i kystkommunane om å sende inn uttale til regional strategisk plan for kysten. Fylkesrådet legg ved uttalen dei har vedteke.

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar dei kommunale råda i kystkommunane om å sende inn uttale til regional strategisk plan for kysten. Fylkesrådet legg ved uttalen dei har vedteke.

---

**SAK 9/18**

**Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - økonomiplan 2019 - 2022**

**Forslag til uttale:**

Innspel til økonomiplan 2019 – 2022:

- For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutt ikkje rammar desse gruppene.
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.

Endringsframlegg:

Skrive om siste setning i kulepunkt 1 til: Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.

To nye kulepunkt:

- Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
- Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Innspel til økonomiplan 2019 – 2022:

- For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivaretak og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
  - I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.
  - Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutt ikkje rammar desse gruppene.
  - Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langt som råd leggast til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.
  - Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.
  - Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
  - Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.
-

**SAK 10/18 Skriv og melding - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 18. april 2018**

**Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
  2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak
-